



# FLEIRBRUKSHALL

## INFORMASJON - September 2015

# Bygging av fleirbrukshall ved Nordfjordeid skule



### Prosjektbakgrunn:

Eid kommunestyre vedtok 25. juni å byggje ein ny fleirbrukshall på Nordfjordeid skule. Denne skal erstatte dagens over 50 år gamle gymnastikksal. Kommunestyret har samrøystes vedteke å byggje det største hall-alternativet: Ein fleirbrukshall med full handballbanestorleik. Dette vil dekkje skulen sitt behov, og i tillegg vere særst viktig for idretten i Eid som i dag slit med sprengt hallkapasitet i Eid Idrettshus både til handball, turn og andre idrettsaktivitetar.

### Fakta om utbygginga:

- Areal ca 2000 kvm
- Kostnad ca 53,4 mill kr inkl mva
- Spelemidlar kr 10.000.000,-
- Speleflate 25 m x 45 m bane
- Garderobe 4 stk.
- Styrketreningsrom 50 kvm
- Scene
- Lager til lag og org.
- Amfi med 318 stolar
- Ny ballbinge 20 m x 30 m
- Ferdig bygg oktober 2016
- Innflyttingsklart desember 2016

### Rom for utfolding og idretts glede!

No startar bygging av ny fleirbrukshall ved Nordfjordeid skule - ein ny flott arena for aktivitet og idrett for små og store i Eid. Hallen vil gi skulen, elevar og lærarar, barn og unge tilgang til moderne og oppdaterte fasilitetar med anledning til utvida innhald både på dag- og kveldstid.

Prosjektgruppa for fleirbrukshallen ved Nordfjordeid skule har i samarbeid med Nordplan AS utarbeidd planane for hallen. Lag, organisasjonar og grupper som blir framtidige brukarar av den nye fleirbrukshallen har fått høve til å presentere sine idear om kva ein ny fleirbrukshall bør innehalde av funksjonar og fasilitetar. Desse innspelane er grunnlaget for arbeidet med rom- og funksjonsprogrammet.

### Byggjeprosess

Måndag 7. september tek entreprenøren Opal Entreprenør AS til med fyrste fase i byggjeprosessen; rigging og inngjerding av anleggsplassen, tilrettelegging for anleggsmaskiner, klargjering for riving etc. Riving av gymsalen startar opp i veke 37, og sjølv riving av veggjar og tak blir gjort i helga 12.-13. september.

### Av- og påstiging og parkering frå måndag 7. september;

I byggjeprosessen er det naudsynt å sikre gode tilhøve for alle som ferdast i skulevegen. Dagens parkeringsplass på nordsida av skulen vil no bli ein del av anleggsområdet og stengt for parkering og trafikk. Det er ønskeleg å få redusert trafikken i skulevegen mest mogleg. **Vi oppmodar difor alle til å sette av og hente barna ved idrettshuset, og at dei brukar gangvegen på sørsida av hallen til og frå skulen.** Denne vege blir brukt av skulen til/frå idrettshallen i skuletida, og er såleis kjent for barna. Likevel flott om dei aller minste barna blir følgde heilt fram dei fyrste dagane, for å sikre at dei kjenner seg trygge.

All parkering ved skulen på dag- og kveldstid vert konsentrert på parkeringsplassane sør for Nordfjordeid skule og Eid ungdomsskule. Nedkørsle til desse mellom skulane frå skulevegen. Ved større tilstelningar må parkeringsplassen ved idrettshuset takast i bruk.

Vi gleder oss over å vere i gang med bygginga, og ser fram til desember 2016! Om nokon er interesserte i planane for bygget, så ligg dei på Eid kommune sine nettsider.

### Har du spørsmål om prosjektet, ta kontakt!

Kontaktinfo. Eid kommune: Torfinn Myklebust, prosjektleiar  
torfinn.myklebust@eidkommune.no Tlf. 481 49 494